



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
19.01.2020	5263/2020	Heidi-Iren Wedlog Olsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	04.02.2020
	Fylkesrådmannens tilråding	13.02.2020
	Fylkesutvalet	24.02.2020

Uttale - regionreform og ansvars- og oppgåvefordeling på kulturområdet

Bakgrunn

I handsaminga av melding til Stortinget nr 8 (2018-2019) «Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida» (kulturmeldinga) slutta Stortinget seg til nye nasjonale kulturpolitiske mål og prinsipp for oppgåvefordeling mellom stat og fylkeskommunane på kulturområdet. Overføring av ansvar og oppgåver frå stat til fylkeskommunane er også forankra i regionreforma, men Stortinget sa i vedtak ved handsaming av melding til Stortinget nr 6 (2018-2019) at oppgåvevurdering på kulturområdet skulle skje i kulturmeldinga.

Kulturmeldinga drøftar kva verkemiddel som best tek vare på nasjonale omsyn i kulturpolitikken, samtidig som det blir opna opp for lokale og regionale prioriteringar i trå med regionreforma sitt føremål. Kulturmeldinga slår samtidig fast at den nasjonale kulturpolitikken omfattar tiltak på lokalt, regionalt og statleg nivå.

Kulturdepartementet (KUD) har med bakgrunn i dette satt i gong ein prosess med mål om å overføre oppgåver, ansvar og midlar frå stat til fylkeskommunane. Norsk Kulturråd er også bedt om å vurdere sine verkemidlar og konkrete tilskotspostar med tanke på overføring til fylkeskommunane. Endra ansvars- og oppgåvefordeling trer i kraft 1. januar 2021.

Dette saksframlegget omhandlar nye oppgåver som er lagt til fylkeskommunen ved kulturavdelinga med verknad frå 1. januar 2020, som til dømes folkehelse og friluftsliv.

Status

Det er gjennomført møter mellom departementet og fylkeskommunane med drøfting av overføring av oppgåver og budsjettmidlar frå stat til fylkeskommunane (vedlegg 1-6). Til grunn for drøftingane ligg følgjande dimensjonar:

- Reginal tilrettelegging for profesjonell kunstnarisk verksemd, ref. kulturlova §§ 4 og 5
- Eit utvida ansvar for kulturoppgåver på regionalt nivå, ref. kulturlova §§ 4 og 5
- Eit utvida regionalt ansvar for profesjonelle kulturinstitusjonar med eit nasjonalt mandat, ref. kulturlova §§ 3-5

I tilknyting til dette er det også stilt spørsmål ved om fylkeskommunane kan ta eit særleg ansvar for enkelte av dei overordna kulturpolitiske måla i meld. St. 8 (2018-2019) Kulturpolitikk for framtid (Kulturmeldinga) .

I tillegg ligg følgjande til grunn for drøftingane:

- Skal medverke til oppgåvefordeling mellom stat og fylkeskommune i trå med ambisjonane i kulturmeldinga
- Nokre oppgåver vil halde fram med å vere statlege
- Oppgåveoverføringa er eitt nullsum-spel
- Delt finansiering er eit virkemiddel for å sikre ein heilskapleg nasjonal kulturpolitikk og sikre eit profesjonelt kulturtilbod i heile landet
- Regjeringa vil vidareføre prinsippet om delt finansiering mellom stat og region for eit nasjonalt nettverk av musikk- og scenekunstinstitusjonar med minst ein institusjon i kvart fylke, i tillegg til musea i det nasjonale nettverket.
- Overføring av budsjettmidlar vil i hovudsak følge rammestyringsprinsippet, men kriteria vil bli vurdert for å halde oppe fordelinga av midlar ut frå den geografiske plasseringa av institusjonar og tiltak

I drøftingane har det også vore diskutert korleis ein kan få til betre dialog og samhandling mellom departementet og fylkeskommunane. Dette har vore diskutert med utgangspunkt i konkrete punkt som er introdusert i Kulturmeldinga.

Tidsplan:

- August/oktober 2019: Drøftingsmøte med kvar enkelt fylkeskommune og KUD
- November/desember 2019: Fylkeskommune og KUD inviterer til dialogmøter med institusjonar, vertskommunar og eigaraar som regionreforma får følgjer for. I Møre og Romsdal vart dette gjennomført 1 november 2019.
- Før påske 2020: Forslag til endring av kulturloven blir fremma for Stortinget, med verknad frå 2021
- Mai 2020: KUD sitt forslag til oppgåveoverføring blir fremma for Stortinget for handsaming i Kommuneproposisjonen for 2021
- Oktober 2020: regjeringa legg fram budsjettproposisjonen for 2021 for Stortinget med forslag om overføring av oppgåver og finansiering
- Oppgåveoverføring trer i kraft 1. januar 2021.

Statsråden har i løpet av prosessen hatt to møter med fylkeskommunane på politisk nivå, høvesvis i mai og november 2019. I mai deltok dåverande fylkesvaraordførar Gunn Berit Gjerde (V) og i november deltok leiar for kultur-, næring- og folkehelseutvalet Marit Nerås Krogsæter (SP).

Fylkeskommunedirektøren har lagt fram orienteringssak for hovudutvalet to gonger, sak RS-29/19 for kultur- og folkehelseutvalet (12.06.19) og sak RS-1/19 for kultur-, næring og folkehelseutvalet (23.10.19). Begge sakene inneholder ei statusoppdatering om regionreforma på fagfelta hovudutvalet forvaltar. Kultur- og folkehelseutvalet har i tillegg i sak KF-4/19 hatt til handsaming den nye Kulturmeldinga, Meld. St. 8 (2018-2019) «Kulturpolitikk for framtida».

Hovudbodskapen i kulturmeldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggande kraft, og ein føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Meldinga viser den overordna politiske retninga for kulturpolitikken framover. Sak KF-4/19 gjer greie for prioriteringar og dei nye nasjonale kulturpolitiske måla. Meldinga vektlegg dei tre forvaltingsnivåa sitt felles ansvar for kulturpolitikken og område som nettverk, finansiering, kunnskap og planarbeid er sentrale perspektiv i meldinga.

Kva er departementet sin vurdering per 1 november?

I Møre og Romsdal er det 5 institusjonar som har driftstilskot frå alle tre forvaltningsnivåa. Dette er:

- Operaen i Kristiansund
- Teatret Vårt
- Musea på Sunnmøre
- Romsdalsmuseet
- Nordmøre museum
- Huslegetilskot til Teatret Vårt og Moldejazz

I dialogmøte den 1. november presenterte KUD sin ståstad i regionreforma for institusjonar og vertskommunar (sjå deltakarliste, vedlegg 7):

- Ingen oppsplitting av Norsk kulturfond, dei skal ha eit nasjonalt overblikk og utøve kunstfagleg skjønn gjennom fagfellevurdering
- I utgangspunktet skal ingen kunst- og kulturinstitusjonar ha 100 prosent finansiering i framtida (i dag 6)
- Fortsatt delt finansiering av institusjonar mellom stat og regionen (fylkeskommune og kommune) for eit nasjonalt nettverk av profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjonar med minst ein institusjon i kvart fylke. I tillegg skal alle musea i det nasjonale nettverket framleis ha delt finansiering. Samtidig blir ordninga med faste fordelingsnøklar avvikla.
- Staten skal ha majoritetsansvar for institusjonar og tiltak som er spesialiserte og/eller unike i nasjonal samanheng.
- Tilrettelegging for profesjonell kunstnarisk verksemd blir overført frå Norsk Kulturråd til regionane. Dette refererer til kompetansesentra for dans, film og musikk.
- Ansvar for institusjonar og tiltak med sterkt regional og lokal forankring og som ikkje har ein etablert posisjon på nasjonalt nivå blir overført til fylkeskommunane

I høve til finanisell ansvarsoverføring frå stat til fylkeskommune vart følgjande presentert:

Delt finansiering mellom stat og region (fylkeskommune og kommune) for

- Nordmøre museum, Romsdalsmuseet og Musea på Sunnmøre (dagens ansvarsfordeling - 60/20/20)
- Teatret Vårt (dagens ansvarsfordeling - 70/15/15)

Overført i heilskap til fylkeskommunen

- Operaen i Kristiansund (dagens ansvarsfordeling - 68/16/16)
- Staten sitt huslegetilskot til Teatret Vårt og Moldejazz

Hovudprinsippet per i dag, fastlagt i statsbudsjettet, er ei 70/30-fordeling for musikk- og scenekunstinstitusjonar, 60/40 for musea. Forslag til ny prosentfordeling er ikkje fastlagt, utover at det er signalisert at det er regionen (fylkeskommune og kommune) som skal yte majoriteten av driftstilskotet.

I tillegg til dette blir det mest sannsynleg foreslått å overføre delar av Kulturrådet sine verkemidla på området kulturell og kreativ næring til fylkeskommunane. Frå Kulturrådet vil også mest sannsynleg dei to kompetansesentra for musikk bli overført til regionalt ansvar; Midtnorsk Jazzsenter og TEMPO, begge lokalisert i Trondheim.

Øyremerking av midlane var tema for diskusjon i dialogmøtet 1. november. I etterkant av møtet har det frå statsråden vore tydeleg på at dette er eit alternativ departementet vurderer, utan at det er gitt noko endeleg signal om det.

Det synes vidare å vere klart at overføringa av oppgåver og ansvar er eit nullsum-spel, og at overføringa berre omfattar tilskotsmidlar. Det blir lagt til grunn at fylkeskommunane har kapasitet og kompetanse på feltet, og at dersom dei treng meir av dette, må fylkeskommunane prioritere dette innanfor eigne rammer (KUD (2018) Rapport: Utredning av oppgave- og ansvarfordeling mellom forvaltningsnivåene på kulturområdet, s. 81).

Vurdering

Det overordna målet for prosessen er Meld. St. 6 (2018-2019) om regionreforma. I innleiing til kapittel 1 i meldinga står det følgjande: «*Med regionreformen ønsker regjeringen å legge til rette for positiv samfunnsutvikling i alle deler av landet, basert på regionale fortrinn, forutsetninger og prioriteringer. Fylkeskommunene er sentrale i å tilpasse den regionale politikken til de nasjonale og regionale utfordringene vi står overfor. Regjeringen vil styrke fylkeskommunene som samfunnsutviklere slik at de får flere virkemidler til å utvikle fylket i ønsket retning.*»

I Meld. St. 8 (2018-2019) Kulturpolitikk for framtida, blir dette følgt opp på kulturfeltet. Kulturmeldinga vektlegg at mykje av ansvaret på kulturområdet allereie er delegert, til fylkeskommunar og kommunar, slik det går fram av kulturloven. Samtidig er vi no i ein periode med drøftingar mellom departementet og fylkeskommunane om kva oppgåver som skal overførast.

Statsråden har i møte med politisk leiing i fylkeskommunane vore tydeleg på at dersom ein skal løfte den nasjonale kulturpolitikken, må fylkeskommunane få og ta eit større ansvar framover. Det kulturpolitiske målet er å styrke kulturen og heve statusen og engasjementet for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.

Det synes å vere tre hovudgrep i staten sin tilnærming:

- Overføring av budsjettmidlar frå stat til fylkeskommune
- Fylkeskommunane skal ta eit større ansvar for enkelte av dei overordna kulturpolitiske måla i kulturmeldinga
- Dialog og samhandling mellom forvaltningsnivåa

Det eine hovudgrepet er at fylkeskommunane får eit større finansieringsansvar for den enkelte kulturinstitusjon. Nasjonalt ser ein at enkelte kulturaktørar og institusjonar har uttrykt skepsis til kva innverknad fylkeskommunane no får over kulturlivet generelt og institusjonane spesielt. Omgrep som autonomi og «arm lengds avstand» går att i diskusjonane. Likens er det uttrykt frykt frå institusjonar for korleis dei vil kome ut av fylkeskommunane sine økonomiske prioriteringar mellom ulike politikkområde.

Institusjonane i Møre og Romsdal gir uttrykk for at dei særleg finn den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen som utsyn. Samtidig uttrykker dei tillit til fylkeskommunen og opplever god samhandling og støtte. Fylkeskommunen har ein lang og tydelig tradisjon med å prioritere rammevilkår for aktørar i kultursektoren, både driftstilskot, prosjekttilstskot og eigna bygg/arenaer. Fylkestinget har også fram til no evna å prioritere mellom dei fagområde fylkeskommunen har ansvar for. Fylkeskommunedirektøren har tiltru til at fylkestinget vil forstå ansvaret fylkeskommunen har på regionalt nivå og framleis vil evne å prioritere feltet.

Kulturfeltet har over år vore ei viktig drivkraft for utvikling av gode lokalsamfunn i Møre og Romsdal.

Denne usikkerheita synes å bli forsterka av at departementet ønskjer å gå bort frå ordninga med faste fordelingsnøklar i statens budsjettvedtak (statsbudsjettet). Departementet viser til at ordninga med delt finansiering har vakse fram over tid, og at stat, fylkeskommune og kommune i utstrakt grad finansierar dei same verksemndene og aktivitetane. Dette er eit «verdsbilde» som ikkje er samanfallande med vårt. I Møre og Romsdal er det 6 institusjonar på statsbudsjettet, fem av desse har tilskot frå alle tre forvaltningsnivåa. Ser ein på organisasjonar og aktivitetar som har tilskot frå Norsk Kulturråd er det langt fleire, men Møre og Romsdal skil seg negativt ut også her. Vi har færre aktørar med slike tilskot enn andre delar av landet. Fylkeskommunedirektøren vil også peike på at ordninga med tredelt finansiering har vore ein suksess, fordi det har gitt eigarskap til våre større regionale institusjonar i alle tre forvaltningsnivå. I dialogmøte den 1. november i Molde vart dessutan dette særleg løfta fram frå kommunane sin side.

Parallelt med dette foreslå departementet at det for overføringsåret blir avtalt ei relativ fordeling mellom forvaltningsnivåa. Kva opningsbalansen blir er ikkje avklart, men signala er at regionane (fylkeskommune og kommune(ar)) skal yte majoriteten av tilskotet. Samtidig er det mellom stat og fylkeskommune at endringane skal skje. Eit tenkt døme kan vere at fordelingsnøkkelen for Teatret Vårt frå 1. januar 2020 blir 49/51. Det betyr at staten skal yte 49 prosent av driftstilskotet, fylkeskommunen 36 prosent og vertskommunane 15 prosent. Det betyr at staten framleis er det største tilskotsgjevaren. Er det i trå med føremålet i regionreforma? Fylkeskommunedirektøren ser ikkje at dette vil bety ei reell ansvars- og oppgåveendring mellom stat og fylkeskommune, slik også kulturmeldinga legg opp til. For ei reell endring, vil det vere nødvendig at ein snur gjeldande fordelingsnøklar på musikk- og scenekunstfeltet og gjer dette gjeldande også for museumsfeltet. Då vil regionen totalt sett yte hovuddelen av driftstilskotet og det vil bli ei reell oppgåve- og ansvarsendring, også mellom stat og fylkeskommune.

Som referert til ovanfor var det eit sentralt prinsipp ved inngangen til drøftingane mellom departement og fylkeskommunen, at delt finansiering er eit sentralt verkemiddel for å sikre ein heilskapleg nasjonal kulturpolitikk og eit profesjonelt kulturtilbod i heile landet. Det står i skarp kontrast til at departementet vi overføre sin del av driftstilskotet til Operaen i Kristiansund til fylkeskommunen. Det ligg i dette at Operaen er blant institusjonane som blir vurdert å ikkje ha ein etablert posisjon på nasjonalt nivå.

Operaen er i heile si verksemld eit profesjonelt operahus. Dei har eit stor tal fast tilsette profesjonelle musikarar og dansarar. Den daglege verksemda til operaen strekk seg langt utanfor Kristiansund, og er gjennom sitt verke ein sentral samfunnsaktør og samfunnsutviklar. Operaen er over år blitt løfta fram, også nasjonalt, som eit forbilde på korleis profesjonelle institusjonar skal og bør samarbeide med også med amatørar. Vidare er operaen ein institusjon andre operaer i Norge ønskjer å samarbeider med. Dei har også ein viktig rolle med å gi nye komande stjerner store roller på scena som nyuttanna, og dei er attraktiv for anerkjente og etablerte scenekunstnarar, dirigentar og operastjerner. Dette til tross for dagens lokalitetar. Det er fylkeskommunedirektøren sin vurdering at Operaen har ei rolle ut over sitt regionale nedslagsfelt. Fylkeskommunedirektøren finn det også nødvendig å stille følgjande spørsmål: Bidreg staten til ein heilskapleg og profesjonelt kulturtilbod over heile landet, med at det er tre regionmuseum og eitt regionteater i Møre og Romsdal som har tilskot frå dei tre forvaltningsnivåa. Om

departementet held fast ved sin vurdering, vil det berre forsterke den regionale og historiske skeivfordelinga som allereie eksisterer mellom ulike delar av landet i dag.

Av kompetansesentra for musikk, dans og film, er det no berre kompetansesentra for musikk som er foreslått overfør til fylkeskommunane frå Norsk kulturråd. Fylkeskommunedirektøren er positiv til at vi skal overta ansvaret for desse då dei har ei regional rolle og innrettinga varierer mykje frå region til region. Inntrykket frå dei siste møtepunkta med departementet er at verken kompetansesentra for film eller dans blir overført. Grunngjevinga for å ikkje overføre kompetansesentra for dans, er at desse ikkje finnes i alle regionane. Fylkeskommunedirektøren stiller seg undrande til denne grunngjevinga, då ein lett kunne ha skissert ein vidare prosess med dei regionane som ikkje har slike miljø. Til dømes Møre og Romsdal. Departementet synes å halde fast ved at ansvaret for kompetansesentra for musikk skal overførast fylkeskommunane. Midtnorsk jazzsenter og TEMPO kompetansesenter er lokalisert i Trondheim og har Trøndelag og Møre og Romsdal som nedslagsfelt. Framtidig rolle og fordeling av tilskot må drøftast med Trøndelag fylkeskommune.

Departementet held også fast ved si vurdering om å overføre eit større ansvar for utvikling av kulturell og kreativ næring til fylkeskommunen, m.a. for å stimulerer til regional bransjeutvikling. Det er gitt uttrykk for at det vil følgje verkemidlar med, utan at det er kommunisert storleiken på dette. Fylkeskommunedirektøren er positiv til dette, då vi både har lang erfaring med dette fagområdet og at det er openbart at verkemidla må tilpassast regionale tilhøve.

Departementet ønsker også å overføre ansvaret for statens sitt huslegetilskot til Moldejazz og Teatret Vårt til fylkeskommunen. Dette er tilskot til institusjonane for å betale ned lån tatt opp i samband med bygging av teater- og kulturhuset Plassen. Fylkeskommunedirektøren har ikkje sterke innvendingar til dette, men føresett årleg prisjustering og at huslegetilskotet blir liggande på ramma til fylkeskommunen for framtida.

Eit sentralt premiss i regionreforma er at det skal følgje med økonomiske ressursar tilsvarande dei oppgåver som blir overført. Dette går fram av meld. St. 6 (2018-2019), kapittel 18 og delkapittel «Beregninger av de økonomiske konsekvensene»: *«Det er foreløpig ikke foretatt konkrete beregninger av de økonomiske konsekvensene av overføring av oppgaver omtalt i denne meldingen. Overføring av oppgaver til fylkeskommunene vil i utgangspunktet følges av rammeoverføringer innenfor en uendret utgiftsside på statsbudsjettet. (...) Dette innebærer at overføring av oppgaver til fylkeskommunene skal følges av tilsvarende overføring av økonomiske ressurser. Økonomiske konsekvenser av endret oppgavefordeling håndteres i den ordinære budsjettprosessen. For den enkelte oppgave må det også vurderes om det er behov for tilpasninger i inntektsystemet for fylkeskommunene.»* Erfaringa så langt er at staten sin overføring av oppgåver i samband med regionreforma, viser at oppgåvene blir underfinansiert i nesten alle tilfelle. Det er derfor også grunn til å uttrykke uvisse også for konsekvensane av denne delen av reforma.

Fylkeskommunedirektøren finn det også nødvendig å peike på at det i denne samanhengen ikkje blir føretatt noko gjennomgang av den enkelte institusjons opningsbalanse, pensjonsforpliktingar, mm. Denne problemstillinga er reist frå fleire fylkeskommunar, utan at dette er kommentert frå departementet.

I den innleiande fasen av prosessen uttrykte Kulturdepartementet at fylkeskommunane sto fritt til å avgjere om dei vi over ta desse oppgåvene. Slik fylkeskommunedirektøren oppfattar dette, vil eit endeleg stortingsvedtak

(Statsbudsjettet for 2021) vere forpliktande for fylkeskommunen. Møre og Romsdal fylkeskommune står med andre ord ikkje fritt til å avgjere om vi vil ta over oppgåvene eller ikkje. I lys av erfaringane fylkeskommunane har med manglande samanheng mellom nye oppgåver og rammer til å løyse oppgåvene, meiner fylkeskommunedirektøren at det kan vere tenleg at midlane til kulturføremål blir øyremerka i ein periode, også for å gjere staten ansvarleg på dette området.

Det andre hovudgrepet er at fylkeskommunane skal ta eit større ansvar for enkelte av dei overordna kulturpolitiske måla slik dei kjem fram i kulturmeldinga. Omfanget på og konsekvensen av ei slik ansvarsfordeling, er det vanskeleg å forstå. Slik fylkeskommunedirektøren ser det, vil det vere meir konstruktivt og relevant at den enkelte fylkeskommune og stat har dialog om kva overordna mål i kulturmeldinga som er både relevant og hensiktsmessig å arbeide med/prioritere, ut frå ein regional kontekst. Ei slik tilnærming er også i tråd med fylkeskommunen sin rolle som regional planmynde og samfunnsutviklar, kor regional planverk blir utvikla i lys av regionale utviklingstrekk og i samarbeid med aktørar i vårt fylke, alt frå kommunar til institusjonar og næringsaktørar.

Det tredje hovudgrepet er knyt til å betre dialogen mellom forvaltningsnivåa. Tiltaka som er foreslått av departementet støttar opp om dette, mellom anna

- Initierer ein systematisert årleg dialog mellom departementet og fylkeskommunane
- Ta i bruk konsultasjonsordninga mellom kommunesektoren (KSS) og regjeringa
- Gjennomgang av kulturlova mellom anna for å sikre kulturområdet som del av kommunal og regional planlegging og styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa
- Vurdere å tydeleggjere nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging i tråd med nasjonale kulturpolitiske mål, jf. PBL § 6-1

Dette er eit godt initiativ, uansett utfall av regionreforma. Møre og Romsdal fylkeskommune er ein av fleire fylkeskommunar som har etterlyst ein betre dialog med staten, slik at ein saman kan utvikle den nasjonale kulturpolitikken. Fylkeskommunedirektøren meiner at det er viktig og riktig at denne dialogen tek utgangspunkt i fylkeskommunane sin samordningsrolle, noko som også kan bidra til ein endå betre gjennomføring av kulturpolitikken.

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til endra oppgåve- og ansvarsfordeling mellom staten og fylkeskommunane på kulturområdet. Dei oppgåvene som er foreslått overført vil styrke fylkeskommunen sin rolle som regional samfunnsutviklar og gir grunnlag for å innrette kulturpolitikken ut frå regionale behov.
2. Kulturpolitikken er ei nasjonal satsing, og verkemiddel og tiltak på både statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå vil vere viktig for å realisere dei nye overordna kulturpolitiske målsettingane. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at maktspreiing og ei tydeleg avklart ansvars- og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa vil vere viktig i denne samanhengen. Det hadde derfor vore ønskeleg med ei meir gjennomgripande oppgåveoverføring på fagområdet.

3. Eit sentralt mål med norsk kulturpolitikk er å legge til rette for eit nettverk av profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar over heile landet. Ein sentral nøkkelen for å få til dette, er delt finansiering mellom dei tre forvaltningsnivåa. I Møre og Romsdal er det 5 institusjonar med slik finansiering. Desse har alle ein sentral funksjon og rolle i det profesjonelle nasjonale kulturinstitusjonsnettverket i Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at dette skal halde fram, og er ikkje samd i at Operaen i Kristiansund i framtida berre skal få sitt driftstilskot frå fylkeskommune og vertskommune.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til å overta eit større finaniselt ansvar for Teatret Vårt, Operaen i Kristiansund og dei tre regionsmusea. Vi føresett at staten på grunn av regionalt fordelt eigarskap, ikkje blir den største tilskotsgivaren. Vi tilrar ein fordelingsnøkkelen på 30/70 for alle dei fem institusjonane. Det vil gjere Møre og Romsdal fylkeskommune til den største tilskotgivaren.
5. Møre og Romsdal ber om at økonomien i desse fem institusjonane omtalt i punkt 4) blir gått igjennom, slik at prinsippa for overføring tek omsyn til økonomisk status ved overføringstidspunktet.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at husleigetilskota staten gir til Moldejazz og Teatret Vårt blir overført og lagt på ramma til fylkeskommunen. Føresetnaden er årleg prisjustering i trå med inflasjonen.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune ønskjer at dei regionale kompetansesentra for dans, musikk og film blir overført til regionane. For musikkområdet må framtidig rolle og fordeling av tilskot drøftast med Trøndelag fylkeskommune.
8. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at fleire verkemiddel på området kulturell og kreativ næring blir tilført fylkeskommunen, då desse bør tilpassast regionale tilhøve.
9. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at midlane til kulturføremål blir øyremerka i ein periode på 5-10 år.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Vedlegg

- 1 Invitasjon til oppstartsmøte med fylkeskommunene - regionreform - drøfting av op(1)
- 2 Invitasjon til fylkeskommunene - enkeltvise drøftingsmøter - oppgavedeling på kul
- 3 Til drøfting - notat fra KUD
- 5 Notat om rådets anbefalinger om framtidig organisering og ansvarsfordeling
- 5 Milepælsplan
- 6 Invitasjon til kulturpolitisk toppmøte 25. november 2019 - regionreform - drøfting
- 7 Regionalt møte 011119 - deltakerliste